

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

www.hardangerviddagrunneigar.no

nbjoer-v@online.no

HG-NYTT

Nr. 31, Mars 2015
Red.: Nils Bjørn Vistad

12.03.15

Forenkling av utmarksforvaltninga (høyringsuttale)

Viser til orientering om denne saka i forrige HG-Nytt (februar 2015).

HG sendte ei høyringsuttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), 27.02.25. Vi er ikkje direkte høyringsinstans, men det er opna for innspel frå andre, og HG har nytta det høvet, sidan saka har stor interesse for framtidsforvaltninga på Hardangervidda.

Sidan det før er gjort greie for mykje av innhaldet i den aktuelle fagrapporten, tek ein ikkje opp att slike detaljer her. Rapporten kan lastas ned frå KMD sine heimesider.

HG støttar fullt ut målsettinga om «forenkling for brukarane» og «meir ansvar til kommunane». At dette vil kreve både større kompetanse (i mange kommunar) og større kronebruk på dette saksfeltet i kommunane, er ei ikkje lita utfordring! Rapporten seier ingen ting om overføring av ressursar frå stat/fylke til kommune.

Fagrapporten peikar på at randsoneareal utanfor verneområder, må ha særleg skjønnsom handsaming. HG aksepterer ikkje at store verneområder skal ha status som «halvfredningsområder» på eit udefinert stort areal på utsida.

Forslaget om at kommunen skal ha eit «fyrstelinjeansvar» for alle innspel, søknader, førespurnader, anker m.v., er positivt. Det krev imidlertid at kommunane dyktiggjer seg sjølve og at der er eit minimum av kursopplegg og rettleiingsmateriale. Dette krev og at kommunens «forvaltningsøkonomiske handlingsrom» er avklara på førehand.

Det er ei spanande nyvinning å eventuelt laga eitt «utmarksstyre» for store verneområder som omfattar fleire kommunar og fleire fylker (bl.a. Hardangervidda), som både skal håndtere reine plansaker og reine villreinsaker (villreinnemnda blir avvikla)!

HG er særleg tilfreds med at det blir gjort framlegg om at grunneigarinteressene må ha plass i eit slikt utmarksstyre. Når ein ser avstander og storleik sammen, kan det bli spørsmål om fleire utmarksstyrer (på fylkesnivå) og ei praktisk overordning. Det viktige er å sikre god nok lokal forankring og likevel ei overordna styring med sams praksis frå Rjukan til Odda.

Burtfall av Villreinnemndene ser ikkje HG som den store saka. I seinare år har det vore god semje mellom Villreinutval og Villreinnemnd om bestandsforvaltninga. Tida er inne til å la Villreinutvalet ta heile ansvaret for dette saksfeltet!

Fagrapporten nemner at privatrettslege bruksrettar i statsalmenningane skal ligge fast, samstundes som ein tek til orde for ny gjennomgang av fjelllova, bl.a. med omsyn til gjeldande system for småviltjakt med hund og villreinjakt. HG melder klart at forvaltningsmessige endringar må ha som utgangspunkt styrking av fjellstyras funksjon og lokalbefolkningas interesser.

HG er primært eit talerøyr for private grunneigarar. Det er likevel slik at medlemmene bur i bygder med allmenningsrett og også utøver reinjakt i allemningsmark. Ein er difor klar på at den førerretten bygdefolket har, ikkje må endrast negativt.

Faggruppa tek og til orde for ei full gjennomgang av lovgrunnlaget som gjeld i utmark. Kan kort bare nevne jaktlov, fjelllov, innlandsfiskelov, friluftsløvslov, naturmangfoldlov, plan- og bygningslov, motorferdselslov m.v.

HG støttar framlegget om å ta tak i «samordning» på dette feltet, og at det blir oppnevnt eit eige lovutvalg til dette. Vi meiner også å ha viktige synspunkter i saka, og dimed ha plass i arbeidet framover. Samstundes ser vi at dette er eit arbeid fram i tid...

Til avslutning har HG nevnt behovet for større fokus på samspelet mellom verneområdehensyn og lokal næringsutvikling basert på verdiar knytt til aktuelle verneområder. Det var mykje prat om «næringsbruk av verneområder» for 6-8 år sidan, jfr. den sokalla «fjellteksten», men det er blitt lite substans til ordbruken!

Vi har også peika på at forenklingar best kan bli gjort ved at lovverk og delegasjonsreglar blir gjort så klare at ein brukar i forkant veit kva som er pårekeleg.

Full høyringsuttale kan ein få ved å kontakte sekretær.

Søknad om kalvefelling våren 2015

Frå Veterinærinstituttet har det kome søknad om felling av inntil 15 villreinkalvar på Hardangervidda våren 2015, for vitenskapelege formål.

Utgangspunktet er registrerte små kalveveker (snitt 13,6 kilo) frå prøvedyr i fjor, og at ein stor andel av kalvane var infisert av svelgbremslarvar. Svelgbremslarvane tappar reinen for energi og protein ut over våren m.v. Den faktiske situasjonen må bli å undersøke om våren, så tett opp til tida då larvane slepp taket og forlet dyra. I praksis betyr det kalveuttak i april månad.

Veterinærinstituttet, v/Kjell Handeland, søker difor Miljødirektoratet (Trondheim) om uttak av inntil 15 fjorårskalvar umiddelbart etter påske (veke 15-17). Dette er tenkt gjennomført som ordinær riflejakt med skuterbistand. Alle dyr blir frakta til instituttet for full obduksjon, med omfattande prøvetaking og oppfølgande undersøkingar.

Leiar: Johan Vaa, tlf. 99459470, jov@telefiber.no
Sekretær: Nils Bjørn Vistad, tlf.90033113, nbjoer-v@online.no

